

Samanstilling av uttale frå elevråd utarbeida av elevråd og elevrådskontakt på Gimle skule.

Elevrådet på Gimle skule meiner at Polenturen er eit viktig bidrag til skuleelevane på Gimle si opplæring om 2. verdskrig, den kalde krigen, Holocaust, respekt for at menneske er ulike, osb. I tillegg gir denne turen oss mogelegheit til å bli meir samansveisa som klasse gjennom at ein får reise på tur saman over så lang tid.

Vi ser at turen vi gjennomfører på Gimle er kostbar. Vi er klar over at dette ikkje er rimelegaste løysinga for å gjennomføre Polentur, men det å kunne ha litt fritid på turen gir oss mogelegheit til å bygge betre relasjonar oss mellom og til å bli kjent med landa vi besøker på ein betre måte. T.D er ikkje det å reise til ein storby som Berlin noko vi gjer i det daglege. For mange elevar vil dette vere den fyrste turen til ein storby utafor Noreg.

Vi ser ingen utfordringar med turen slik den er gjennomført dei siste åra bortsett frå at vi forstår at økonomi blir eit tema. Vi vil oppmode og ynskje at kommunestyret kan sjå på mogelegheit for å auke støtta til turen. Om ikkje anna slik at den kunne vore regulert med indeks. 60 000 i 2010 tilsvarar om lag 90 000 i 2025. Vi er svært interesserte i å jobbe dugnad for å tene inn resten av pengane for elevar og eventuelt dei foreldra som det er heilt naudsynt at er med. Elevane treng berre hjelp med å setje i gang dugnadane på eit tidleg tidspunkt, men jobbar gjerne sjølv. Elevrådet på Gimle ser det som rett og viktig at turen ligg i skuletid, og som ein del av opplæringa.

Elevrådet Gimle skule

Elevrådskontakt Knut Harald Heggli